

Mursaka til forvaltningskomiteen

02.02.2014



Kommunen har no pålagt uavhengig kontroll for prosjektering og utføring av den omstridde muren i Ospelunden og samstundes bedt om stans i arbeidet inntil tilstrekkeleg dokumentasjon ligg føre. Saka vil truleg bli lagt fram i forvaltningskomiteen 12. februar.

Oppsitjarane i Kleivadalen har med dette fått oppfylt kravet sitt. Det gjekk mellom anna ut på at det skulle gjennomførast uavhengig kontroll av nøytral ekspertise,

Fleire av nabotomtene som vender mot gang- og sykkelvegen skal ha mura front og oppsitjarane spør om det ikkje bør lagast og vera ein plan for heile muren til alle tomtene, som ein del av reguleringsplanen.

Karin og Sven Ove Kjerpeseth stillar seg undrande til nabovarsel som dei fekk 21. januar då dei synest dette var for seint då muren allereie var ferdig. Dei skulle hatt varselet før arbeidet vart sett igang.

Med eit så stort byggverk (9 meter høg) meiner dei at det burde vore stilt krav til kvalitet og utsjänad. Muren ser farleg ut med steinar som ligg med skliflater ut og det ser ut som den ligg på lausmassar. Rett under ligg gang og sykkelvegen og oppsitjarane er redd ei ulukke kan skje. Kjerpeseth spør om det har vore gjennomført ei estetisk vurdering av byggverket.

Av Ola Matti Mathisen